

VARHAUGBUEN

HUBBEN
SIDE 20 - 21

HUNDEUTSTILLING
SIDE 7

SJAKK
SIDE 18 - 19

SPRÅKSPRELL
SIDE 28 - 29



BORDTENNIS SIDE 16 - 17



ISHUS OG STIMDE EPLE

Klassebilde 2. klasse i 1961 med Sigbjørn Hetland som lærar.

Minner frå tida som stasjonsunge

Mitt liv som stasjonsunge på Varhaug på 1950- og 60-talet var nok ikkje vesentleg annleis enn jamaldringane mine. Men det var både nyttig og artig å repetera for eigen del kva eg faktisk gjorde, og kva som var «stasjonen». La oss ta desse ytre rammene først. Me tek til ved ånå der Ola i Dubland budde, og vidare sørover. Då kom ein til Quam, Stueland fabrikk, mølla og misjonshuset. Samt litt oppover til Herrebyen og Damebyen og idrettshuset, og sørover derifrå til krysset med Tveiten, og ned igjen forbi Ole G, Tolleiv, Magnus Mikkelsen og Bøen. Den nye skulen vart jo også eit sentrum i bygda i mi tid. Frå Bøen var det sør til cafeen, Hans i Dalen, og opp til Borgny og Olav med drosjane, og Arne Skretting, Aslaug Reiestad, og meieriet med internatet.

På vestsida av linja var det Leksaren og Liv og Albret i sør, så Gustav Løge, smeden, Losjebråtet, losjehuset, Stueland heimehus og forretning, sentralen, Elling skomakar, Auesten, Olav Lerbrekk, banken, Skrettingen, fryseboksane i det gamle meieriet, handelslaget, pølsebuå, IT, Gina Husveg, og jernbanestasjonen. Deretter kunne ein gå den smale vegen forbi Sigvald, Halfdan og Berta og Jonas - til ein var nede att ved ånå.

Eg heldt meg ein del ved ånå. Av og til hende det at ein laks vart dregen opp. Det skjer vel neppe no til dags? Ofte var eg i Bodle. Å kasta flate steinar utover når sjøen var stille, det var kjekt. Eller runde småsteinar som hoppa frå rullestein til rullestein.

Trur eg var ganske flink til det. Ofte låg me i grøfta langs riksvegen og skreiv bilnummer. Kom det ein utanlandsk bil, hadde me bonus for lang tid!

Skrekkens hus


Eg vil elles nemna tre spesielle stader i dette miljøet, av ulike grunnar. Først skrekkens hus, altså lokalet i det gamle meieriet der ein leigde ut fryseboksar. Eg vart mange gonger sendt dit for å henta heim ei steik eller noko bakverk. Men det var nifst å gå der. Skrekken for at den tunge døra ikkje skulle lata seg opna att, og ein skulle frysa inne, den kjensla kan eg sensa langt inne i sjela framleis.

Mølla, derimot, var prega av varme! Særleg om ein oppheldt seg i tørkerommet. Eg hadde gleder av å tusla litt i mølla ein periode, og fekk av og til også trilla kornsekker frå eit bygg til det andre. Mellom fleire var Harald Bratland og Jørgen Aamodt i mølla. Det var stas å sjå når bøndene kom med korn som skulle heisast opp og takast vare på.

Stimde eple

Meieriet hadde eg eit nært tilhøve til, av mange grunnar. Mor si tante Ragnhild både arbeidde der og hadde eit lite husvere heilt øvst mot vest. Ragnhild var som ei faster for heile familien. Ofte vart eg sendt til meieriet for å kjøpa melk og ost. Og eg betalte for meg. Men somme andre sa berre eit nummer, og gjekk att utan å betala.

Frå speidaren med
Andrew Skår og Paul.



Det tok ei tid før eg forstod korleis dette hang saman. Stas var det når bøndene kom med kjerrelass med eple (poteter) som skulle stimast. Når epla var ferdig stimde, og dei køyrde ut att frå meieriet, var det alltid noko som datt av. Då var eg og fleire andre som regel på pletten og sikra oss eit lite varmt mellommåltid. Eit nystimt varmt eple var delikatesse, det!

Åra som stasjonsunge var også prega av faste aktiviteter eg var med på. Mellom anna sundagsskulen. Eg trur eg gjekk der omtrent til eg var konfirmant. Og eg minnest med glede og stor respekt dei som var lærarar, Jon i Dubland, Magnus Mikkelsen, Julie Lima, Jenny Skaar. Etter kvart også Bertel Ånestad, han som seinare vart svigerfar min.

Skulekorps

Skulekorpset var det veldig kjekt å vera med i. Emtan Aadnesen, han som også spela zithar, var dirigent. Det kunne nok vera kavesamt å gå frå stasjonen til kyrkja på Odland på ein syttande mai i gråvær, med baryton eller tuba å bera på. Men stort sett var det stas å spela i korps. At bygda nå ikkje har eit aktivt skulekorps, er eit sakn. Er du der som kan ta initiativ til å få det opp og gå, skal eg heia på deg!

Mannen til Jenny Skaar, Andrew Skaar, var leiar av Speideren. Eg var med der og i mange år. Nokre gonger samlast me i heimehuset deira på Toppa. Men som regel var me utandørs, ofte i Husveg-skogen. Me lærte mykje praktisk med tau, kart og kompass, første-hjelp, miljøvern før dette ordet omtrent var oppfunne, og ikkje minst fine og gode haldningar. Etter kvart kom min gode svoger Per Åge Skretting inn som leiar. Både Skaar og Skretting gjorde ein formidabel innsats over mange år. Så vidt eg veit fekk ingen av dei korkje fortjenestmedalje eller kulturpris. Det kunne dei godt fått!

Sjølv om eg var stasjonunge, vanka eg ganske ofte på garden på Odland der far

vaks opp. Alltid kjekt å vera hjå bestemor og bestefar. Når Dag og stasjonsungane syng om å henta steidn, så kjenner eg godt dette att. Det har eg og vore med på. Bestefar hadde ein periode ein ettertrakta hingst. Ikkje sjelden kom bøndene med hoppene sine. Bestefar sa det aldri direkte, men han likte nok berre så måteleg at eg var til stades når hingst og hoppe skulle møtast. Så eg fann meg ein utkikksplass oppe i løa, der det var ein god sprekk i bordkledninga. Der hadde eg god oversikt over kva som gjekk føre seg!

Folkefest på Odland

Mest stas var det dei gongene det var auksjon. Bestefar ala opp både suger og ikkje minst kviger, som vart selde på auksjon. Då stimla folk saman i tunet. Sven Gausland var auksjonarius. Når han slo snadda i stikkedåsen, då var kjøpet avgjort! Eg fornemmer denne stemninga den dag i dag. Lukta av dyr, av kulort, av tobakk, og ikkje minst av bestemor sine gode vaflar og nykøkt kaffe som sveiv ut frå kjøkkenvinduet - denne miksen vil eg aldri gløyma. Dette var folkefest med ingrediensar av både jul, bursdag og syttande mai på ei gong!

Paul Odland

80 ÅR SIGBJØRN VARHAUG



Vennelaget Lerbrekk skule sin trufaste leiar sidan laget starta i 1997, passerte 80 år den 21. februar. Denne dagen er offisiell flagdag sidan det også er kong Harald sin dag. Eg sa til Sigbjørn at kong Harald ofte seier «dronningen og jeg». - Ja, det gjere faktisk eg og, humrar Sigbjørn. For han har si trufaste Astrid ved sida som fantastisk støttespelar, sekretær og ja, i alt som skjer på Komlavodl og elles.

Sigbjørn er fødd 21. februar 1943, midt i andre verdskrig. Han vaks opp på garden Komlavodl som einaste barn hjå foreldra Klara Amalia og Andreas Varhaug. - Me greidde ikkje få til ring rundt juletreet, seier Sigbjørn. Men nå greier dei å få både ein og to ringar rundt juletreet. Sigbjørn og Astrid gifta seg i 1965. Det kom etter kvart 4 jenter og 2 gutar. Og flokken har auka jamt og trutt. Nå er det i tillegg til ektefeller, kome 20 barnebarn og 4 oldebarn.

Sigbjørn gjekk alle sju åra på Lerbrekk skule. Framhaldsskulen var i hønsehuset på stasjonen, om lag der Fjordkjøkken held til nå. Seinare vart det folkehøgskule på Kvås og bibelskule i Bergen. I godt vaksen alder vart det Vinterlandsbruksskulen som vinteren 1976/77 var på Vigrestad.

Foreldra hadde ei stund gard på Lista. Der var Sigbjørn med som dreng. Før Sigbjørn overtok heimegarden på Komlavodl, forpakta han ein gard på Husveg. På Komlavodl dreiv Sigbjørn og Astrid med smågrisproduksjon til han vart pensjonist. Eldste dotter og svigerson har nå garden, men det er ikkje lenger dyr. I tillegg til garden har han og vore lutemeister i Varhaug halmlutingslag i Bodle nokre år. Ei tid arbeidde han på Felleskjøpet og hadde ansvar for mølla i tretti sesongar.

Men i grunnen forbind eg Sigbjørn med frivillig arbeid på Misjonshuset og i Vennelaget på Lerbrekk.

- Eg har alltid vore engasjert i frivillig arbeid og interessert historie. Først gjekk eg 7 år på skulen på Lerbrekk. Så vart det 28 år som sundagsskulelærer, og i like lang tid i Vennelaget. Så det meste av livet har eg vore på Lerbrekk.

Sigbjørn har hatt fleire tillitsverv, men det er først og fremst alt han legg ned av tid på Lerbrekk som

eg vil trekkje fram.

For er det eit eller anna arrangement i Vennelaget, eller når nokon leiger skulen, så er han på plass både før og etter. Det skal vera varmt og ope på Lerbrekk så folk som kjem dit skal få ei god oppleving. Sjur Håland skriv i boka Kvardagsfolk: «Sigbjørn Varhaug svingar vaskefille, støvsugaren og oppvaskkosten. Han legg i omnane, låser opp dørene, heiser flaget og ønskjer velkommen til Lerbrekk skule med eitt brett og hjartevarmt smil. Han administrerer drifta og styrer bake-, vaske- og ryddegjengen med mild, stø hand. Men det dei færreste er klar over, er at Lerbrekk skule sin Grand Old Man kvar vinter, i tillegg til førefallande arbeid og administrasjon, også driv skadedyrkontroll i hus og uthus på Lerbrekk. Statistikken syner at talet på mus som kvar haust, frå september til januar, møter sin smertefrie lagnad i fella, er 16.» Det totale må nå vera kome opp i 416 ekspederte mus.

- Kva var det som gjorde at du engasjerte deg så sterkt for Lerbrekk? undrast eg. - Jau, det var Sverre Varhaug som ynskte å redde skulen og spurde om eg ville vera med. Eg måtte lesa meg opp på skulehistorie i tillegg til sundagsskulen som eg har vore med i. Då fann eg ut at det i grunnen gjekk hand i hand sidan begge deler er undervisning. Me fekk redde og restaurert skulen, og starta Vennelaget. Det har i grunnen vore ei fantastisk reise. Eg møter så mange utruleg spennande folk, seier Sigbjørn. Men, legg han til: Eg var med dei siste som gjekk alle sju åra på Lerbrekk skule. Eg var den siste lutemeisteren og den siste på mølla. Og eg var den siste som dreiv med dyr på garden. Eg vonar at eg ikkje er den siste som er leiar for Vennelaget Lerbrekk skule, men at nokon vil overta når eg ikkje greier meir.

- Det var gildt det var du som kom og ville intervju meg. Me pleie jo opptre i lag på skulen, seier Sigbjørn, i det eg gjer meg klar og skal gå.

Brit Obrestad



LIVETS FØLELSER

Denne diktsamlinga, som kom ut i 22, er skriva av Christine Kvernes. Ho er fødd og oppvaksen i Stavanger. Etter ein tøff og vanskeleg barndom, og eit enda tøffare liv saman med ein mann som var psykopat, møtte ho Iver Henry Kvernes på Ålgård i 2005. Dei budde først på Ålgård, men då huset der skulle rivast, flytta dei til Sentrumsgården på Varhaug i 2013, som den første innflyttaren der. Her har nå Christine og mannen funne ro saman med dottera på 13. Mannen kjem frå Averøy utanfor Kristiansund, og han er sikkerhetskonsulent på flyplassen. Christine har tidlegare arbeid både som anleggsgartner, i barnehage, sjukeheim og som lærar. Og det er tida som lærar saman med alle ungane og tida som anleggsgartner ho ser tilbake på med stor glede. Nå er Christine ufør, men har så godt som det let seg gjera fulgt opp dottera sine aktivitetar i idrettslaget, speidaren og 4H. I tillegg er familien for-vert for 2 rasekatter; ein Sibir, som nett har fått 5 ungar og ein Neva Masquerade. For-vert kan vel lettast forklares som fosterheim. Dei skal ha kattane til dei har fått 2 kull ungar, så vert kattane steriliserte og for-vertane får overta dei som sine. Når Christine ikkje er oppteken med husarbeid, kattane og diktskriving, så liker ho godt å lesa og hekla.

Følelsar har me alle, og dei har heile spekteret i seg, frå glede og til sorg. Ein kan kjenna på ei sprudlande glede berre over å få ha fått eit smil frå ein person på ein elles så tung dag. Eller så er sorga så stor over ein kjær person ein har mista, at du føler deg heilt tom, og at ditt liv og er slutt.

Å klara å setja ord på desse følelsane, det har Christine gjort i diktboka Livets følelsar, der me vert kjende med både glede, sorg og kjærleik. Verkeleg ei diktbok til ettertanke.

Liv



FRÅ REDAKSJONEN

I dag på morsdagen, og 12. februar, er det reine våren, 8-10 grader og snøklokker overalt. Betyr det at vinteren er over, eller kan me kanskje venta meir? Ja, ja, me får nå berre ta det som kjem, berre det ikkje vert meir regn. Det tykkjer eg me har hatt nok av. Les i avisa at det hadde regna 29 dagar i januar, og det er jo omtrent heile månaden.

Men nå me ser kva som skjer ute i verda, har me vel ingen grunn til å syta og klaga, korkje på vind eller regn. Jordskjelvet i Tyrkia og Syria, skadeomfanget der, og alle dei tusenvis av omkomne, klarer me nok aldri å setja oss heilt inn i. Nei, me her på Jæren bur i alle fall på ein god plass, sjølv om mange meiner at det er for mykje vind. Ja, alle kjenner vel til ordtakingen «På den stillaste dagen på Jæren, bles det vekk ei høna».

Legg ved den årlege giroen i bladet. Innbetalinga på den har vore ganske stabil gjennom åra, men akkurat i fjor var det litt mindre. Det går og an å støtta bladet med Grasrotandelen, når de tippar, det gjer eg. Liv

*Dikt er skreven av
Christine Kvernes:*

Jeg elsker deg

Jeg elsker deg
Du betyr alt for meg
Klippen i livet mitt
Det er deg!

-

Du stiller opp for meg
Du lytter til meg
Du gir meg gode råd
Jeg elsker deg!

Irritert

Å være irritert
Skaper frustasjon
Skaper unødvendig krangling
Skaper mye sinne

-

Krangling
Skaper uenighet
Skaper vonde ord
Skaper såre følelser

-

Snakke ut
Skaper tårer
Skaper glede
Skaper kjærlighet

Sorg

Sorgen er tung
Sorgen er vund
Sorgen er tilstede

-

Tårene renner
Tårene strømmer
De ender ei

-

Likevel er smilet tilstede
Smilet vil alltid frem
Imellom tårene smiler jeg

-

Minnene som kommer
Både gode og vonde
Gir både smil og tårer

-

Savnet er verst
Å ikke kunne ringe
Å ikke kunne høre
stemmen din

Ting tar tid

Timer blir til dager
Måneder blir til år.

Lenge siden,

Men det leger ingen sår.
Det kjennes som alt det fæle.

Nylig hendte.

Redselen sitter i,
Som hos ei lita jente.

-

Alt blir,
Får jeg ofte høre.
Men frustrert av å vente,

Hva skal jeg gjøre?

Ta tiden til hjelp,
Det ordner seg.
Ja, gjør det det,
Med lille meg?

-

Tvilen tynger
Får jeg fred?
Vil kroppens uro,
Roe seg ned?
Glemmer jeg det fæle som hendte
Som mang en gang,
Som ei lita jente?

-

Får jeg fred,
Når kvelden er her
Så jeg sover trygt
Og som en vanlig
Normal kvinne?
Lite å håpe,
Masse å vinne.

-

Ting tar tid ...



Palmeutstillingen

Nå er det 12 år siden Norsk Miniaturhund Klubb Avd. Rogaland flyttet sin tradisjonelle Palmeutstilling til Varhaug. Den vil i år bli holdt 01. og 02. april.

Palmeutstillingen er en hundeutstilling som alltid foregår i forbindelse med palmehelgen. Da inviteres det til hundefest i Varhaughallene og utstillingen vår har vokst mye fra vi startet. På Varhaug startet det med en hall men etter hvert som det flotte idrettsanlegget ble utvidet med nok en hall så har vi også benyttet oss av å utvide antall raser som kan melde på og fordeler dem i de 2 hallene. Alle har mulighet til å vise frem samme hunden 2 ganger i løpet av helgen og få bedømmelse fra 2 forskjellige dommere, da det kjøres som dobbel utstilling. Det kommer dommere fra både inn- og utland for å bedømme alle disse flotte hundene som kommer til Varhaug denne helgen, det kommer masse utstillere fra nærområdet men det kommer også tilreisende utstillere fra andre steder i landet, vi har også hatt utenlandske utstillere hos oss. De som kommer tilreisende overnatter enten på hoteller/hytter i området eller på idrettsanlegget som legger så bra til rette for mulighet til å overnatte i campingvogn/bobil.



I 2020 og 2021 måtte vi avlyse pga av covid19, så gleden var stor da vi i fjor igjen kunne få arrangere utstillingen, da med en rekordpåmelding, ca 750 hunder påmeldt per dag, fordelt på ca. 115 forskjellige raser så her er det mye spennende å se i løpet av helgen. Vi har hunder fra 4 måneders alder og oppover som kommer til oss den helgen.

Bedømmelse for hver rase starter kl. 09.00 og foregår ut over dagen fordelt på 8-9 ringer hvor 4-5 av dem er i hver hall, når alle hunder er bedømt så kjøres finalene i gang hvor de som har blitt best i sin rase fortsetter konkurransen om å bli dagens vakreste hund.

Arrangementet er åpent for publikum, men nb! Dersom hund tas med så må krav til vaksinasjoner, samt vaksinasjonshäfte medbringes og hunden må være over 4 mnd gammel. Kontakt oss gjerne på rogaland@nmhk.net ved spørsmål :)

I 2022 ble helgens vakreste hunder disse to:



09.04.22 BEST IN SHOW

Bazinga Kissed By Fire

Rase: Faraohund

Dommer: Svein-Bjarne Helgesen, Norge



10.04.22 BEST IN SHOW

N UCH Garm De Canario's Captain Conrad

Rase: Miniature Bull Terrier

Dommer: Gunnar Nymann, Danmark



Evy Vigre Reime

FOTO KLUBBEN


Varhaug Fotoklubb holder til i huset ved Lensmannsløa på Varhaug. Klubben er ikke så veldig opptatt av utstyret en bruker, men heller gleden av å ta gode bilder og siden vise dem i klubben og få ris og ros.

Hver måned har vi et tema og for siste 2 mnd. var det: skumring/ mørke natta og kvitt og flott/svart-hvitt foto.

Vi har møte første mandag i mnd. Vi ønsker nye medlemmer velkommen.



Gunvor Aamodt



Mona Bjorland



PISTOLKLUBBEN

Hå pk har hatt en utskiftning i styret: kasserer: Kjetil Rusdal ut og Stian Sele inn. Kjetil har gjort ein strålende god jobb i styret i diverse stillinger i ca 20 år+.

Ellers har me bra oppmøte på treningane, håper fleire av medlemmane vil vera med å hjelpa på stevner spesielt.

Alt er frivillig så me er avhengige av medlemmane til å dra lasset i lag så me får til både treningar, klubbmesterskap og stevner. Håper at fleire av medlemmane kjem seg ut til andre klubber på stevne og, å bare kunne møta opp å skyta ein annan plass er ganske så greit. Me har i år tenkt om me kanskje kan få opp konkurranseinstinkt med å ha litt meir konkurranse basert trening med vendeskiver og program/trening på tid. Hå pk skal ha fire stevner og to interne klubbmesterskap i år som allerede er planlagt, mulig om me får onna, at det kjem nokre til.



Second Chance Bowling

TRAFIKKLYS PÅ HÅLANDSVEGEN



Ja, eg måtte stoppa for raudt lys, då eg i dag var på veg opp til Håland.

Der held IVAR på med eit kjempestort anleggsarbeid. Det skal koma nytt høgdebasseng for vassforsyninga til Varhaug, og eg hadde håpa å få treffa ein prosjektleiar, som kunne gje meg meir informasjon om arbeidet. Her var eg vel optimist, for heile kontorbrakka var tom. Eg drøste så vidt med nokre arbeidrarar frå Eirik Håland Maskin

Men sidan dette arbeidet kjem til å halda fram i lang, lang tid, så får eg førebù meg betre til neste blad.

Liv



**Bonde
Kompaniet**

Helgjødse 15 l
2 for 479,-
pr. sekk 299,-



**Hage-
gjødse 25 kg**

599,-

**Hagekalk
25 kg**

129,-



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no



Vi i Varhaug Bygdeungdomslag har hatt litt aktivitet siden sist!

Vi har arrangert ulike lavterskel tevlinger, med godt oppmøte! Filmkveld hadde vi 29.januar, der vi så Mall cop 2. Gøy film i godt lag!

4.februar arrangerte vi skitur med afterski i lag med Nærbø Bygdeungdomslag. Da tok vi turen opp til Ålsheia og avsluttet med afterski på Bygdahuset. Det var ikke det beste været, men vi hadde en gild dag i trekket!

Vi har også en glad nyhet, i sommer skal vi arrangere Sommerstevne på Elgane, noe vi gleder oss til! Det blir en helg med tevlinger, konserter og mye annet gøy! Datoen er satt til 4.-6.august, vi håper våre eksisterende og nye medlemmer vil være med på arrangement. Det er bare å glede seg! Mer informasjon vil bli lagt ut på vår Facebook side etterhvert.



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE
Halvorsen

EINAR HAALANDS MINNEFOND

Sidan dette fondet nå er historie - vart vedteke nedlagt på årsmøtet til VIL 15.03.21, tenkte deg det kunne vera på sin plass med historia om korleis dette fondet vart til.

Då Varhaug Idrettslag bygde hallen, vart det selt gåvebrev rundt om i bygda, som skulle vera med å finansiera denne. Planen var å tilbakebetala desse pengane, ved loddtrekking, etter kvart som laget fekk økonomi til det. Fleire tok seinare mot desse pengane, men dei fleste meinte at dette var ei gåve dei hadde gitt til laget, og ville ikkje ha dei att.

Ein av desse som kjøpte gåvebrev, var Einar Haaland frå Varhaug. Eg var i hovudstyret i 1984 og ved loddtrekkinga då, vart Einar Haaland trekt ut til å få pengane tilbake. Han gjorde som mange andre, takka nei til pengane, men han hadde eit ynskje; å få gå gratis på fotballkampane. Me som var i dei ymse styra på den tida, fekk utlevert eit frikort - som ga oss gratis inngang til alle idrettsarrangementa til laget. Det var då eg laga eit kort til Einar Haaland - som sikkert er det einaste som er gjort i laget - med denne teksten «Einar Haaland har gratis inngang til alle laget sine arrangement, så lenge han lever».

Dette må ha vore noko Haaland sette pris på. For då han døydde i 1988 testamenterte han kr. 20.000 til idrettslaget. Eg var framleis i hovudstyret då, og kom då med forslag om at desse pengane måtte me bruka til noko sær, dei måtte ikkje berre «forsvinna» i drifta.

Styret vart fort einige i at denne gåva måtte brukast til å heidra frivillige i laget, og ikkje plent for ein idrettsprestasjon. Styret enda opp med eit fond, som hadde denne teksten:

«Rentebeløpet brukes til en påskjønnelse til person/personer som på en positiv måte har gjort seg bemerket i laget.

Hovedstyret/gruppene kan komme med begrunnet forslag på person/personer.

Hovedstyret vurderer om de foreslåtte er kvalifiserte til påskjønnningen, og avgjør om de foreslåtte skal tildeles minnefondet. Det må være ¾ flertall blant medlemmene med stemmerett i hovedstyret.

Nemnda for ærestegn har fått laga et bilde hos Jæren Gull- og Sølvsmie med motiv fra Varhaug Gamle Kirkegård. Kapellet, steingarden og smijernsporten er av sølv på svart stein.

«Einar Haalands minnefond har ikke noen klare krav til hvor lenge og hva man må ha gjort, men kan gis både til person(er) som har bidratt med mye over tid, og til person(er) som har bidratt spesielt i et kortere tidsrom».

Sidan det var eg som hadde kome på ideen om eit minnefond, fekk eg og beskjed frå styret å finna ut korleis denne påskjøninga skulle vera.

Sidan Varhaugsfolk vart kalla «trauskar», tenkte eg først på ein trausk i krystall, og tok kontakt med Hadeland Glassverk. Men dette var ikkje så enkelt, som eg hadde tenkt. Her var det mange om og men. Skulle dei laga noko slikt måtte dei vita kor mange me skulle ha, og korleis figuren skulle sjå ut, og eg trur og me måtte betala for modellen. Så den planen gjekk me fort i frå.

Ei god tid etter, var eg innom Jæren Gull og sølvsmie i eit eller anna ærend. Der såg eg ein fin plakett med det gamle huset «Træe på Line» i sølv på ei svart plate. Då såg eg med ein gong for meg korleis Einar Minnefond skulle sjå ut; Den gamle kyrkjegarden på Varhaug skulle vera motivet. Spurde gullsmeden om dei kunne laga noko slikt, og fekk eit ja. Fekk låna plaketten med Træe tilbake til styret, som tykte ideen var god, og slik vart det.

Tykkjer det er litt gildt i ettertid å tenka på at eg har vore «mor til» både statuttane og plaketten, og at eg sjølv fekk den i 2000 som nr. 13.

Den aller første som fekk Einar Haalands Minnefond, var Marton Kydland i 1990.

Opp gjennom åra har 30 personar fått denne utmerkinga.

Tida endra seg, renta i banken gjekk ned, og ein måtte bruka av sjølve fondet for å finansiera utmerkinga. Og då seier det seg sjølv at dette måtte ta slutt ein gong.

Tenkte det kunne vera gildt, både for folk i Varhaug, og kanskje og for fjerne slektningar til Einar Haaland, som ikkje hadde born sjølv, og kjenna historia til denne utmerkinga som heng rundt i mange heimar på Varhaug.

Varhaug februar 2023 Liv Hobberstad



Minneplakatet.

LITT FAKTA:

EINAR HAALAND

Einar Haaland var født mai 1906 og døydde same månad 1988. Han var nr. 6 av 8 sysken og hadde borneåra på Håland i bygda. Tidleg reiste han ut som sjømann og seilte i mange i utanriksfart. Kom etterkvart heim og fekk seg arbeid i Jernbaneverket. Hans arbeidsstad var i Sirevåg kor jernbanen hadde knuseverk og tok ut pukk til bruk i skinnegangen.

Einar var interessert i idrettslaget og var ofte å sjå når Varhaug sparka fotball. Han kjøpte seg bil og denne pleia han vel. Historien seier at han ei gong uttalte at han aldri kjørte Djøselandsvegen for denne var alltid full av kuskit. Einar bygde etterkvart hus i Hagevegen kor han budde til han døydde.

Han giftet seg aldri. Fire av hans sysken, også dei ugifte, Malena, Tabitta, Elling og Taletta, budde saman i et hus i Varhaug Sentrum. Jentene dreiv telefonsentralen i Varhaug for Televerket, mens Elling -som var døv- dreiv skomakerverkstad like ved. Ein bror, Rasmus, reiste til Amerika, mens ein annan bror, Ragnvald, var bakar på Varhaug Handelslag. Den siste som ikkje er nemnd er Magli. Ho gifta seg Abraham T. Varhaug og busette seg på «Ævestvodl». For å skilja Einar frå andre med same namn, fekk han på folkemunne namnet «Einar på sentralen».

Ingvar Reiestad

En alliansebank i **eika**.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere.

Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no





HAKO

Då Varhaugbuen såg eit nytt skilt på veggen i Odland-bygget, måtte eg jo finna ut kva dette var.

Men å møta dei rette folka var ikkje like lett, men nå forstår eg jo kva bokstavane betydde: Harald og Kornelius. Og eg har funne dette på heimesida deira, det var enklare enn å treffa folka:

«HAKO Total ble grunnlagt av tre jærboar med et stort engasjement for bygg - og byggebransjen. I dag er Harald Aarsland, Kornelius Odland og Erik Lunde både eiere og aktivt deltakende i den daglige driften. Dette kombinert med drivkraft forankret i jærske verdier er en viktig del av HAKO sin identitet.

HAKO er totalentreprenør av alle typer bygg og anleggsprosjekt. Uansett oppdrag stiller vi me riktig kompetanse, bred erfaring og fagfolk som har beina godt planta på den jærske jorda.

Som relativt liten i dimensjon, har vi desto større ambisjonar. Vårt mål har alltid vært å skape en stødig og solid bedrift tuftet på nøkternhet og hardt arbeid. Filosofien om at penger skal tjenes før de kan brukes står sterkt i HAKO. Bedriften skal ikke bygges på lån. Denne jærske, noe trauske tankegangen har gitt økonomisk sikkerhet og mulighet for utvikling på et trygt og stabilt grunnlag.

Økonomisk stabilitet har gitt flere goder. Litt etter litt, stein for stein har HAKO bygget opp en bunnsolid personalbase. Den består i dag av 14 kompetente menn og kvinner som alle fyller betydningsfulle roller fordelt på ulike avdelinger. Nå har vi store ambisjoner om å vokse og ansette enda flere flinke folk. Kan det være deg vi leter etter?»

Så langt heimesida til HAKO. Skal verta spennande å få følgja med dette firmaet i tida som kjem.

Liv

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.



 **SI BYGG**
NORRØN GRUPPEN

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

I Misjonshuset er det mye som skjer. Rundt 800 større og mindre samlingar årleg. Årsmøtet vert 30. mars

I fjor har det vore ein serie med samlinger om livsmestring. Desse samlingane fortset i år. Og i tillegg til møteveker der vi har samlingar om bibel og misjon, er det også enkelte møter med tittel «Lys over Land».

Og eit viktig opplegg er samlingane for godt vaksne. «Vi over 60» er 1. og 3. onsdag kl 1400 i matsalen.

Ungdomslaget er aktive, det er ope hus på fredagane og ungdomssamling på laurdagane. For dei yngre er det FRES annankvar fredag. Sundagsskule nokre søndagar, og annankvar søndag er det gudsteneste med eit kjekt opplegg for barn, det kallast Awana.

I år er det lagt planer for noko ombygging og utviding av misjonshuset. Planen var å setja i gang i månadsskiftet februar/mars. Men det tek mykje lengre tid med godkjenning av planane hos Hå kommune enn dei 12 vekene slike saker skal ta. Så det vert nok seinare oppstart. Det skal verte minglerom utanfor møtesalen, og nytt og større lagerrom bak kjøkkenet, mot skulegata.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på nettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51 43 08 08. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:
http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Nytt styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar

Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styrmedlem

Benjamin Hølland - Svala 4H

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Eivind Galtvik - Lennsmannsløa



Burde ikkje snart dette skiltet vorte endra?
Trur ikkje det har vore aktivitet i Mølla på
Varhaug etter 2015. Liv





Olav Skurve og Richard Madland i finalen

Det er ikkje kvar dag at 300 kampar vert avvikla i Varhaughallen. Men når foreldra til 9. trinn på Varhaug Ungdumskule inviterte til bordtennisturnering vart det høg aktivitet i hallen.

Denne fredagen i romjula var 92 spelarar samla for å spela bordtennis, frå morgon til kveld.

Heile ti bord vart samla inn frå frivillige frå Varhaug og Vigrestad, noko som vart eit flott syn i Varhaughallen.

Formålet var å ha det gøy i romjula, samt samla inn pengar til klasseturen. I tillegg til sal av mat og påmeldingsavgift, var det mange firma på Jæren som var med og støtta arrangementet. Noko som gjorde at turneringa fekk eit overskot på 22.000kr.



Nikolai Skrettingland og Truls Haugland i bronsefinalen

På dagtid deltok 32 barn og unge, og på kvelden var heile 60 vaksne samla rundt borda.

Damene i sekretæriatet haldt styr på resultata, og det vanka premiar til dei beste spelarane.

Finalen i voksenklassen vann forhåndsfavoritt Richard Madland over Olav Skurve.

Blant dei yngre var det Henrik Bruntveit Madland og Asbjørn Helgevold Skretting som møttes i finalen.

- Knalljilt! Kjempe opplegg! Det var god stemning i hallen denne dagen og mange gode tilbakemeldingar. Det vert garantert ny turnering i år. Håper me vert minst like mange neste år. Tusen takk til alle som bidrog.

PS.: Varhaug Idrettslag ser at interessa for bordtennis er stigande, og jobbar med oppstart av ei eiga bordtennisgruppa. Fylgj med!

Dag Madland



Leo Madland og Emma Skurve i aksjon



Erik Danielsens Reime og Magnus Wiig Nevland i B-finalen



Frå venstre Truls Haugland, Henrik Bruntveit Madland og Asbjørn Helgevold Skretting



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80

post@abror.no

NORWAY CHESS SCHOOL

Velkommen til sjakk-turnering for skolelag med 3 spillere på laget

10. mars 2023

Vitenfabrikken, Sandnes

- Skolelag med 3 personer per lag. Barneskoler, ungdomsskoler og videregående skoler kan stille lag
 - Ingen startavgift! Det er 6 runder
 - Tenketid: 15 minutt (per spiller per parti)
- frammøte 0830, oppstart kl 0900, lunsjpause med gratis mat kl 1100
 - premieutdeling rett etter siste parti slutt ca kl 1330

Velkommen til hurtigsjakk-turnering

11. mars 2023

Vitenfabrikken, Sandnes

Dette er en hurtigsjakkturnering for de som ønsker å delta på individuelt nivå! Ingen startavgift! Det spilles 6 runder.

- Tenketid: 15 minutt pluss 5 sek per trekk (per spiller per parti)
- Frammøte 0930, 1. runde kl 1000, lunsjpause kl 1300 med gratis mat
 - premieutdeling rett etter siste parti ca kl 1645



For spørsmål kontakt Ivbjørn Nimki: 975 07 294

PÅMELDING TIL ivbjornnimki@gmail.com tlf. 97507294

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.

Hå skulesjakk skal sammen med Rogaland SkoleSjakkUtvalg (RSSU) arrangere to Norway chess barneturneringer. Den ene er en lagturnering med 3 spillere på ett lag 10. mars, den andre er en hurtigsjakkturnering 11. mars.

(se informasjon en annen plass i bladet).

Og så skal det være KretsMesterskap i lagsjakk for skolelag med 4 spillere 12. mars på Skeiane ungdomsskole i Sandnes, - og det er kvalifiserende for å delta i NM 21-24 april på Hana skole i Sandnes. (se info om dette også)

Men for oss på Varhaug er vel Hå-mesterskapet viktigst. Det blir på Varhaug misjonshus 25. mars. Og her er skoleelever bosatt i Hå velkommen.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

3-5. februar deltok klubben med to lag i vestlandsserien i Haugesund. Ett lag med 5 spillere i førstedivisjon og et lag med 4 spillere i andre divisjon. Vi kom ikke sist!

Klubben har lynsjakk eller anna form for hurtig sjakk om onsdagane med program:

8/3 Lynsjakk (3+2)

15/3 Årsmøte + lynsjakk

22/3 960 Fischersjakk

29/3 Lynsjakk (3+2)

12/4 Lynsjakk (3+2)

19/4 960 Fischersjakk

26/4 Hurtigsjakk 2 - Del 1 - Rates?

3/5 Hurtigsjakk 2 - Del 2 - Rates?

10/5 Lynsjakk (3+2)

24/5 Lynsjakk (3+2) - Rates? (Klubbmester i lynsjakk)

31/5 Lynsjakk - tidshandicap

7/6 Sommeravslutning - lynsjakk + premiering: Jæremesteren, klubbmester lyn

Velkommen til klubben.

Klubben har egen internettside: <https://www.jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Hå skulesjakk inviterer til

**Skolesjakkssamling på Varhaug:
HÅ-mesterskap i sjakk**

Lørdag 25. mars 2023 kl 1000-1400

*Sted: Varhaug Misjonshus
Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug*



Rogaland skolesjakkutvalg

RSSU

Rogaland skolesjakkutvalg (RSSU) inviterer til

KM for skolelag i sjakk 2023
Skeiane ungdomsskole 12. mars kl. 10:00



HUBBEN





Marthine Aasland og Skaiste Girzadaite fra elevbedriften mks_elevbedrift. De lager servering/pynte fat.



Gaute Djøseland lager kapper plater som skal bli til panteboks. Elevbedriften heter pantiboksen.eb



Jone Nygård, Lennarth Håland og Sven Bratland i elevbedriften alt _i_ byttå. Klar for levering av produktene sine, som er blomsterpotter.



**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

EIN VANLEG FREDAG PÅ SLAKTARKAFE'N



Me æ ein gjeng som plar møtast om fredagane kl. 12.00 og eta lunsj saman.

Akkurat denne fredagen var det bakt potet, og eg sat der heilt aleine. Men det gjekk ikkje lenge før

det kom inn 3 kjekke gutar, der den eine hinka på krykkje. Trudde først det var arbeidarar, som berre skulle ha matpausen hos Skretting, men så såg eg dei hadde treningsklede på, og ikkje arbeidsklede. Det var 3 fotballspelarar, som hadde vore på trening. To av dei var sjukmelde (skada på fotballbanen) og den tredje var Nordsjøarbeidar. Så det var grunnen til at dei ikkje kom i arbeidsklede. Det var 3 trivslege gutar som ikkje sa nei til å koma i Varhaugbuen. Frå venstre Rune Mjåtveit tømmermann, som var skada i ryggen, Svein Terje Sinland - elektrikar/Nordsjøarbeidar og Sondre Dvergsdal, forskalingssnakkar, som hadde øydelagt foten på fotballbanen. Dei kosa seg med farse, oppdaga for seint at dei kunne fått bakt potet. Varhaugbuen hadde ein gild drøs med dei 3, og så stod det berre igjen å takka for drøset og ynskja dei lukke til vidare både med fotballen og helsen.

Liv



BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

LERBREKK:

- BOKSEN AV - OG GRAUTAFEST ...

Me er alt godt i gang med 2023.

Sundag 5. februar var det søndagskafé med om lag 30 personar innom.

Me satsar på ny søndagskafé den 5. mars kl. 14 - 17.

Den torsdag 23. mars vert det årsmøte. Det vert vanlege årsmøtesaker. Elles vil Sigbjørn mimra litt om eit eller anna. - Eg brenne for så mange ting, seier Sigbjørn. Det må vera eit godt teikn.

Litt glimt frå årsmeldinga syner at året 2022 har vore meir normalt att etter to labre år. Gjesteboka syner at det har vore 2012 personar innom. Året før synte 700. Kven er det som kjem? Utanom Vennelaget sine arrangement så er det ein del som leiger skulen til private selskap som barnedåp, konfirmasjon og runde dagar. Det er fleire som har hatt utstillingar i løpet av året. Og i sommar var det 8 busslaster med pensjonistar på tur rundt om på Jæren som var innom. Me serverte kaffi, lefse og gome, og fortalde litt om skulen og Vennelaget.

- 9. juni var 2. klasse ved Varhaug skule på Lerbrekk, og var med på ein gammeldags skuledag. 69 elevar og 5 lærarar. Der fekk dei oppleve Reidunn Skretting og Sigbjørn Varhaug, som lærarar. I tillegg fekk dei vera inne og spela gamle spel, og ute med leikar som, «Slå på ringen», «Boksen av» og liknande. Dette rullerte. Dei vart delt i 3 grupper. Ein gut kom til meg etterpå og sa: «I dag har eg lært mykje som eg ikkje visste frå før.»

Den 8. desember hadde me graudafest med 51 deltakarar. Paul Odland var med oss og fortalde om koss det var å vera stasjonsunge på 1950 1960 talet. Veldig kjekt å mimra attende, så derfor har me fått dette med i bladet så dei som ikkje hadde høve til å koma på festen også skal få ein innblikk i dette.

Fleire gonger har me hatt besøk frå Klokkarhagen.



Fire generasjonar på Komlarvodl. Oldemor Astrid G. Varhaug, mor Amalie Barstad med dåpsbarnet Stina Barstad, og mormor Karin Undheim.

Då har me alltid mykje song av dei gode gamle songane som mange kan. Det er viktig i tillegg til kaffi og litt å bita i.

Me har ein fantastisk gjeng som vaskar, slår plen, lukar og plukkar søppel. Ja, dei held orden både inne og ute.

Så eit bitte lite hjartesukk: Medlemmane i Vennelaget eldest og nokre fell frå. Difor er me så frimodige og seier at me ynskjer fleire med oss på laget. Nokre trur kanskje at ein må ha vore elev på skulen for å vera med i Vennelaget. Nei, her kan kven som helst verta medlem. Me har det veldig triveleg.

Brit Obrestad



GOD AKTIVITET OG VEKST I HÅ MÅLLAG



2. februar hadde Hå Mållag årsmøte på Nærbø bibliotek. Årsmeldinga til laget viser at det har hatt god aktivitet siste år, blant anna med to kulturkveldar i tillegg til å ha delt ut nynorskpris på Ungdommens kulturmønstring og deltatt på Nærbødagane.

Hå Mållag har etablert eit godt samarbeid med biblioteket om arrangementa. Laget arbeider òg med å få til eit samarbeid med kommunen og barnehagane om bruk av nynorsk for dei minste slik at overgangen til skulen skal bli best mogeleg. Vidare har dei politiske partia har fått innspel til partiprogramma sine om korleis dei bør satsa på å styrka nynorsken i kommunen.

Hå Mållag var eitt av mållaga i landet med størst vekst i nye medlemmar siste år. For det fekk laget ein stor bokpakke med barnebøker frå Noregs Mållag som vil bli delt ut til ein eller to barnehagar i kommunen. Styret satsar på å auka talet på medlemmar inneverande år òg.

På årsmøtet blei Eva Hegre takka for innsatsen i styret. Ho var ei av drivkreftene bak at Hå Mållag tok opp igjen arbeidet hausten 2021. Før det var ho leiar av eit interimsstyre som førebudde oppstarten. Styret har nå følgjande samansetning:

Arne Reidar Hæåk (leiar), Elisebet Rugland (kasserar), Jon Arne Silgjerd, Oddvar B. Høyland og Inger Staurseth Haarr. Ingunn Nord-Varhaug og Valborg Skerahaug Egebakken er varamedlemmar

SALG AV 17. MAI PROGRAM 2023

I år blir det mulighet for å kjøpe program i diverse butikker på Varhaug.

I tillegg vil alle husstander med elever i barneskulen få utdelt program.

Det blir ikke dørsalg av programmet dette året.

Hilsen Malin Sundvor Våland, progrmansvarlig i 17.mai komiteen 2023.

BIBLIOTEKDRØS PÅ VARHAUG BIBLIOTEK

Cirka åtte gonger i året er det bibliotekdrøs på biblioteket på Varhaug.

Kor mange som kjem varierer, men det er stort sett ein god, fast gjeng som møter opp. Likevel er det plass til mange fleire. På bibliotekdrøs 2. februar snakka vi med dei frammøtte for å få svar på nokre spørsmål.

Kva det er som gjer at de kjem til bibliotekdrøs igjen og igjen? lurte vi på. Svara var mange:

God kosestund, inspirasjon, høyre om nye bøker, klarer ikkje å finne bøker på eiga hand – får alltid gode anbefalingar – føler meg ikkje dum som ikkje finn bøker sjølv, får anbefaling om ein god krim – det er så herleg, godt med anbefalingar sjølv om vi har fulle bokhyller heime – godt med nye bøker, hyggeleg god gjeng – kjekt å treffe igjen folk, kjekt å treffe ulike folk, veldig hyggeleg personale, veldig fornøgd med dei som jobbar på biblioteket. Dei siste svara var vi ekstra glade for å høyre.

Kven tenkjer du det passar for?

Passar for absolutt alle som liker å lese

Kan du nemne ei bok du likte å lese?

Jorid Mathiasen: *Der hvite liljer vokser*
- den må de lese!



Delia Owens: *Der krepsene synger*
- den var altså så god!

Bibliotekdrøs

Torsdag 12 januar KI 11

Torsdag 2 februar KI 11

Torsdag 9 mars KI 11

Torsdag 13 april KI 11

Liker du å lese og har lyst å treffe andre som er glad i bøker? Me møtes til ei uformell samling med presentasjon av bøker, god drøs og ein kopp kaffi. Gratis

BIBLIOTEKET I HÅ

Forfatterbesøk
BRYNJULF JUNG TJØNN

Brynjulf Jung Tjønn skal snakke om romanen *Kvar dag skal vi vere så modige* og diktsamlinga *Kvit, norsk mann*. Romanen handlar å ha det vanskeleg og å føle seg oversett. Men også om folk som plutsleg bryr seg. Diktsamlinga handlar om norsk oppvekst og norsk rasisme.

Støtta av Fritt ord. Gratis. Velkommen!

BIBLIOTEKET I HÅ

Føremiddagskaffi

Velkommen til ei roleg føremiddagsstund på biblioteket der det blir lese høgt frå noveller, dikt og forteljingar. Ta gjerne med strikketøy, eller berre kom og lytt. Gratis

BIBLIOTEKET I HÅ



STORMØTE 30.01.-23


På Iden vart det og dette året stor suksess, på tross av eit tungt tema. Det kom ca 600 personer til VIL frå Trøndelag i nord til Agder i sør.

I tillegg var det ca 6000 som streema møtet på direkten frå Jærbladet. Jærbladet var veldig imponert over den mengden med sjåare. SR bank, Hå kommune og Bondelaga i Hå har over tid laga eit så stort landbruksmøte at Landbruksministeren setter av datoen 30.1. kvart år.

Håkon Varhaug

UNDERGANGEN

Fleire gonger har me skrive om denne, og nå skal det endeleg skje noko. Det er utruleg mange, både vaksne og ikkje minst ungar, som nyttar undergangen til og frå skulen. Det går mot vinterferien, og då er det mindre trafikk enn normalt her. Så då set kommunen i gang med arbeidet, og det skal verta gildt når me til neste blad kan få med eit bilde av ein «heilt ny» undergang. Liv.



Aluminiumsboks før og etter

ALUMINIUMS BOKSER I FÔR TEK LIV

Kvart år får VBL inn klager frå bønder som må avlive dyr som får i seg aluminiumsrestar etter bokser.

Me vill prøva å belysa problemet. Når ein person kaster aluminiumsboksen sin ut på eit jorde vil grasnet vokse over boksen. Bonden kommer og slår grasnet og raker det saman i strenger, for så og snitte grasnet kort nok for ensilering til vinteren.

Dagens snittere har metaldetektor som stopper maskinen men denne virker kun på metal som er magnetisk noko som aluminium og rustfritt ikkje er. Resultatet er at snitteren snitter boksen opp i små

barberblad som kua ikkje merker før det er forseint og skjærer hull i mage eller tarm og får indre blødninger og dør.

Før kunne vi Nødslakte kyr med inndre blødninger, med nytt EU regelverk får vi ikkje det og kua må destrueres.

Dette er utrolig smertefult for kua og bonden i tillegg eit stort økonomisk tap for bonden.

Varhaugbua ikkje kast Aluminiumsboksar rundt omkring dei har ei lei tendens til å havne på ei jorde.

Mvh Varhaug Bondelag



Resultat av aluminiumsbokser i for





SPRÅKSPRELL


Siste gongen før jul, laga Tigsty eritreisk kaffe til oss- Ho brant bønner, malte dei og laga kaffe.

Kaffen var veldig mørk og såg sterk ut, men den var veldig god og servert i små kopper.

Vi fekk og smale injera, tradisjonell eritreisk mat.

Astrid.





SPRÅKSPRELL PÅ TUR

2. februar var det faktisk opphaldsvær og då reiste språksprellgjengen ned til kapellet og innom Bodle ein tur.

Det er godt å koma ut og bli kjent i lokalmiljøet.

Astrid Skretting



MELDING FRA STYRET I LENSMANNSLØA

Ut fra en totalvurdering har styret besluttet at det ikke blir arrangert 17. maifest på Lensmannsløa dette året. Fra neste år arbeider styret med å få dette arrangementet inn i et årshjul med egen komitè.

Hilsen styret.



VARHAUG PENSJONISTLAG

Møta til laget er i det sosiale romet til Varhaug Idrettsslag kl. 17.00-19.00, og vert annonsert i Jærbladet i tillegg til oppslag i ramen på Ekstra og Spar. Når dette bladet kjem ut, har årsmøtet vore 21. februar, men her kjem programmet for resten av våren:

21. mars

Førstehjelp i kvardagen v/Børge Hognestad

25. april

«Tyskerungen» - foredrag av Reidun Nybø

30. mai

Tur



TRIMDAMENE



Kvar tysdag kl. 10-11 er det ca. 30-35 damer i sin beste alder som har trim på Iden. Det er bygdekvinnelaget som arrangerer denne trimmen som er for 60 pluss.

Eldste dame er 87 år. - Det gjere så godt, seier ho. Og eg er veldig samd med henne. Til eldre me blir, dess viktigare er det å halda seg i form. Alder er inga hindring. I den store salen er det god plass. Me treng ikkje vifta borti kvarandre.

Det er ei ung og kjekk dame, Hege, som trenar oss. Og dersom det ikkje passar for henne så tek Ruth Irene over. Om ingen av dei kan ei gong så seier Oddbjørg: -me kan ikkje avlysa, eg tek treninga i dag. Så her er det berre å stå på og gjere det me greier. Ikkje alle er like smidige, men det gjer ingen ting. Her er inga tevling om kven som er best. Me skal ikkje springa eller hoppa. Her skal me trena balanse og styrke for armar, rygg og bein. Det er viktig å halda balansen så me ikkje ramlar over ende. Her må me halda oss friske og i form lengst mogeleg. Dersom me er i god form kjem me oss lettare til krefter att om me vert sjuke.

Me høyre til den gruppa som dei så fint kallar «eldrebølga». Eg tykkjer det ordet er diskriminerande, rett og slett. Her står me på som best me kan for å halda oss friske og spreke lengst mogeleg. Det er jo så mange flotte eldre personar rundt om, både her i Hå, og i heile landet.

Så all honnør til bygdekvinnelaget som arrangerer og får tak i instruktør. Det passar ikkje for alle å gå på eit treningssenter. Men eg vil påstå at dette passar for kven som helst. Me må halda kroppen i gang så lenge som me greier det. Eigentleg skulle det vore trimgruppe for seniormennene og.

Bygdekvinnelaget har også gågruppa kvar måndag kl. 9.30 frå Iden. Mange likar godt å gå tur, og i godt lag går det lettare når veret er litt sånn «ivesamt» som det til tider er her på Jæren. Å gå ein god tur i frisk luft gjer underverk på så mange ting. Det klårnar opp hovud og lunger. Rengklede kan vera godt å ha. Det er ikkje berre hunden som treng å luftast. Alle treng frisk luft og mosjon. Alt er mykje betre etter ein god tur i frisk luft.

God tur, og god trim!

Brit Obrestad

BYGDEKVINNELAGET



JULEMØTE

Julemøte i fjor var siste torsdagen i november der ca 50 personar deltok. Som bildene viser, var temaet nostalgisk jul.

Pynten var god, gammal. Bevertninga var grøt, lefse og gome. Vi sang mange gamle sangar frå julesanghefte og som vanleg var det åresalg.



MEDLEMSMØTE

Torsdag 26. januar var det møte der 50 personar var samla.

Bente og Randi frå Cave og Cube var med oss. Dei hadde eit interessant foredrag om fargar på interiør og kva fargar gjer med oss.

Tradisjonen tru, var det utlodding. På bildet ser de 2 stolte damer for fekk ynskje om dela ut gevinstar oppfylt.



BYGDEKVINNELAGET MED STRIKKETUR (SPØDETUR) TIL KRISTIANSAND

Nok ein gong arrangerer Bygdekvinnelaget på Varhaug tog-tur til Kristiansand.

Dagen er torsdag 20. april.

Avgang frå Egersund kl. 11.12 - Frå Varhaug 10.37 og heima 22.45.

Billett t/r Egersund-Kr.sand kr. 450.



SONEMØTE I BYGDEKVINNELAGET

Møtet vert på Bore Samfunnshus **torsdag 16. mars** kl. 19.00.

Program: Gynekolog Gunhild Bærheim skal ha foredrag. Ønsketransporten kjem og fortel om sitt arbeid. Overskotet av loddsalget går til Ønsketransporten.

Som vanleg vert det god mat!

JUL PÅ VARHAUG MED LINUS

I fleire år har jula for meg i grunnen starta med Linus og fiolinen hans på føremiddag den 24. desember på Spar. Dette året var konserten flytta opp i gangen i 2. etasje. Og det var veldig godt. Her var det betre akustikk, og Linus vart heller ikkje så mykje plaga av alle som rassa forbi og skulle handla. Trur me va bortimot 30 som fekk med seg denne flotte fiolinkonserten, mange måtte stå heilt ytterst i gangen. Asbjørn serverte kaffi og julekaker, til dei som ynskta det. Takk til Linus, som kjem tilbake år etter år. Liv



Datahjelpen.IT as

Vesthagen 2, Bryne
Åpent hverdager 8-17.00

Alt innen datahjelp
til bedrifter og private kunder

PC / MAC verksted
og
Databutikk i Bryne



Tlf: 51 48 50 00 - Web: www.datahjelpen.it

FJORDKJØKKEN



Det går framover med bygginga på Fjordkjøkken. Skal verta spennande å sjå koss det vert sjåande ut, når byggearbeidet er ferdig til sommaren.

HØGDEBASSENGET PÅ HÅLAND



4H MEDLEMSMØTE I SVEINESKOGEN

19. januar hadde Svala 4H medlemsmøte i Sveinesko-
gen. Me startar alltid møta med 4H løftet.
Me lovar å arbeida mot det mål å varta ein ungdom
med klart hovud, varmt hjarta, flinke hender og god
helsa! Etterpå var det natursti med postar. Medle-
mane blei delte inn i grupper og hadde med seg ein
gruppeleder rundt på posane. Nokre av postane var
mjølking av «otto ku», flaskebowling, kimslek og Quiz.
Det var god stemning og fint ver!



FRAM CUP

Fram cup er ei volleyballturnering
som vert arrangert av Fram 4H på
Klepp. Det er for alle 4H klubbane
i Rogaland. Svala har hatt volley-
balltreningar på ungdomskulen i
forkant av turneringa. Svala stilte
med 2 lag, og begge laga kom til
semifinale. Seniorlaget vant sølv
og juniorlaget kom på ein solid
4. plass. Det var god innsats og
fantastisk lagspel frå begge laga.

Helle Rosland





DUGNAD PÅ ELGANE

I september 2021 begynte renovering av speedway banen. Dette må gjøres slik at Elgane Motorsykkelklubb kunne arrangere storløp på speedwaysiden og få godkjent bane til dette.

Alt ble gravet vekk og ble erstattet med betong, over 50 kubikk betong gikk med på dette.

Det har blitt satt opp nye treplater rundt hele banen og nye jernstenger nedstøpt til feste, i tillegg til nye sikkerhetssone utføre banen med gress. Banen har i tillegg blitt utvidet, slik at den er bredere.

Det har blitt tatt mange bilder og lagt på Elgane sin facebook side på «Elgane MSK», følg gjerne siden for mer informasjon der.

Denne renoveringen er budsjettet til ca 2,4 millioner, av dette er 33% tippemidler, 33% er kommunale midler og de resterende midlene er i form av dugnadsinnsats og klubbutgifter. Det har gått med over 4000 dugnadstimer, fra september og frem til banen ble ferdigstilt i mai 2022.

Det har vært 8-10 faste pensjonister, i tillegg til flere andre unge og eldre har vært med å jobbe på både dagtid og kveldstid. Det har alltid vært rette folk til rett plass, og logistikken har alltid godt opp.

Lunsjen (les: sjevå) og kaffien har alltid vært på plass til de gode folkene.


Vi fikk i tillegg nye luftputer til banen i 2022, disse er godkjent for internasjonale løp, og har en varighet i 7 år. Vi hadde vårt første internasjonale løp i fjor etter oppgraderingen, da var det U24 Lag semifinale som sto på agendaen, og 4 lag fra Europa fikk kjørt på banen. Dette året er det EM U19 Individuelt Semifinale 1 vi skal holde som internasjonalt løp, lørdag **10. juni**.

Når været spiller på lag, er det somregel vedlikehold av anlegget på tirsdagene, og når sesongen starter igjen (vær avhengig), er unge (fra 5 år) og eldre som har lyst til å prøve speedway hjertelig velkommen, bare ta kontakt med undertegnede i 1-2 dager i forkant, og vi ordner sykkel og utstyr til prøving.

Første speedwayløp er satt til lørdag **20. mai**, ligarunde nr 1, med treningssamling **18. og 19. mai**.

Vil avslutte dette med å spør om noen traktorkyndige har interesse av å preparere både speedway og motocrossbanen, så er det bare å ta kontakt. Vi har folk som trener på både tirsdager, torsdager, lørdager og søndager. Dette gjelder for både speedway, atv og motocross.

Einar Moi





Eg har tidlegare skrive ein del om Tunet brukarstyrt senter, om dei ymse aktivitetane der og om cateringen dei har. Her gir dagleg leiar av senteret, Kjetil Mørk ei orientering om, prosjektarbeidet deira.

Liv.

TUNET BRUKERSTYRTE SENTER

Informasjon om prosjekt arbeid:

- Alle som er uføretrygdet og mottar tjenester av mestringsenheten (psykisk helse og rusvern) i Hå kommune kan delta.
- Fokuset er at arbeid på riktig arena bidrar til bedre levevilkår for den enkelte.
- Økt deltagelse gir økt livskvalitet og opplevelse av tilhørighet til Tunet og samfunnet, uavhengig av egne helseutfordringer.
- I tett samarbeid mellom bruker og ansatte er det skapt en arena hvor alles meninger blir hørt med tanke på hva som motiverer til økt deltagelse og mening i eget dagligliv.
- Lønnen er 200 kr pr dag og man får tilbud om dagens middag.

- Man kan få lønn for inntil 2 dager i uka men mange jobber mye mer når de oppdager at dette er godt for de.

- 1 arbeidsdag er ca 5 timer.
- Prosjektet er delt inn i 3 grener.

- Utegruppe som er den plassen de fleste begynner. Her gjør vi vedlikeholdsarbeid, flytteoppdrag, hagearbeid, maleoppdrag med mer. Vi tar oppdrag fra både private og kommunen og vi er veldig rimelige.

- Catering, vi leverer mat til de som ønsker til en rimelig pris.

- Kafedrift, Kafeen lager middag til ca 20 personer om dagen 7 dager i uka.

Kjetil Mørk

Leder Tunet Brukerstyrt senter

HÅ HAGELAG

Torsdag 9. februar ble det avholdt årsmøte i Hå hagelag. Valgkomiteen hadde en enkel oppgave i forkant av valget til nytt styre.

Styret for 2023:

Leiar: May Helen Skrettingland

Nestleiar: Geir Egil Rosland

Sekretær: Liv Synnøve Vagle

Kasserer: Tone Årdal Skeie

Styremedlem: Eivind Siqveland

Styremedlem: Jorunn Reinertsen

Etter Årsmøtet hadde me besøk av Njål fra Klingsheim hogst og hage, som holdt et lærerikt foredrag om beskjæring av trær og busker. Det var veldig godt oppmøte på årsmøtet, og ekstra kjekt når det dukker opp nye ansikter på møtene våre.

Neste medlemsmøte vert torsdag 23. mars klokka 19.00 i Lensmannsløa. Da får me besøk fra Lotus Blomster på Varhaug som skal demonstrere påskepynt.

Er du interessert i kva som skjer i hagelaget anbefaler me at de går inn på facebook sida vår, alle arrangement vert lagt ut her.



VARHAUG IL INVITERER TIL

Årsfest 2023!

VARHAUGHALLEN
LØRDAG 11.MARS KL 19.00

MAT - PRISUTDELINGER - MUSIKK OG DANS

FESTEN ER GRATIS - 18 ÅRS ALDERSGRENSE
HYGGELIGE PRISER I BAREN
MEDBRAKT IKKE TILLATT

PÅMELDING VIA WWW.VIL.NO

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

6. mai

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

VARHAUGMARKEN

vert som vanleg første helga i juni
- fredag 2. og laurdag 3.

I år vert det eit forsinka 40 års jubileum.

Programmet er ikkje fastlagt, men det gilde er at kommunen skal få orden på den store opne plassen framføre Sentrums-gården, som berre var ein skraphaug i fjor.

Reidar Skretting og komiteen er i arbeid, og er det einkvan som har ein god ide om fornying av Marken, må tei ta kontakt med Reidar.

Kanskje kan me med det nye området, få ein heilt ny Marken?





Monica Mørk Aase
Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF
e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård
Eiendomsmegler MNEF
e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!

EiendomsMegler **1**
JÆRMEGLEREN

BLI MEDLEM

Blir du medlem hos oss, så får du:

- Gratis kroppsanalyse når du melder deg inn for 12 måneder (18års aldersgrense).
- Tilbud om Pulsen start time.
- God kompetanse innen trening og kosthold.
- Kjekke ansatte og tilgang til å trene akkurat når det passer for deg!
- Bredt utvalg av varierte gruppetimer og godt utstyrt senter for egentrening.
- Åpent 24/7 med nøkkelkort.
- Functional Fitness (Crossfit).



 @varhaugspulsen_ff



 @varhaugspulsen_treningssenter